



Magne Taule
Skarsvegen 490
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/10 - 23/87210

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
14.11.2023

Avvist søknad om arealoverføring - gbnr 147/2 Sellevoll

Administrativt vedtak: Saknr: 1186/23

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om arealoverføring avvist.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad mottaken 02.01.2023.

Saka gjeld søknad om arealoverføring av om lag 10828 m² frå gbnr 147/2 til gbnr 147/26.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Arealet som vert søkt arealoverført til gbnr 147/26 er uregulert men sett av til LNF formål (Landbruk, Natur og Friluftsliv) i kommunedelplan for Lindås. Det krevst dispensasjon frå arealformålet for å arealoverføre frå landbrukseigedomen gbnr 14/2.

Arealet ligg også innanfor byggje- og deleforbodet mot sjø, pbl. § 1-8. Det må derfor søkjast om dispensasjon frå pbl. § 1-8. Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag.

Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#) og i vedlagte dokument. Gjer merksam på at søknad om dispensasjon skal nabovarslas.

Kommunen sendte ut brev den 12.01.2023 der dette vart etterspurt, med frist for innsending den 12.02.2023. Då vi ikkje har motteke tilleggskommunikasjon vurderer vi at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/10

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Magne Taule
Sjøkantene Eiendomsutvikling As

Skarsvegen 490
Alverneset 24

5911 Alversund
5916 ISDALSTØ